




Juni 2015.

Joar målte 95 mm. nedbør denne månaden.



Granskogen i bygda som sto heilt brun og "livlaus" i fjor, ser no likevel ut til å vakne på nytt. Dei fleste av trea har fått nye grøne skot i år og har nok ei framtid vidare som levande tre. Det var ikkje mange av oss som meinte at den brune skogen ville overleve for eit år sidan.



Solrenningane 28 juni. foto: Erlend. Randi, Dagfinn og Erlend gjekk opp dalen til stølen. Ei veke seinare i tid, første helga i juli var vanleg tid for å buføre til stølen for buskap og folk. I år vil der gjerne vere lite beite å finne for buskapen på denne tida?

Førsteslåttan er ferdig, den kom i gang midt i månaden, seinare enn vanleg grunna det kalde vêret no i vår. Avlingane vart likevel bra gode og det gamle ordtaket: "Mai kulde gjer bondens lade fulde", det kan brukast i år.

Det som reduserte grasavlinga mest både i mengde og kvalitet, var alle hjortane som beita der.



Sommaravslutning på Biblioteket

Tradisjonen med servering av is, kjeks, saft og kaffi er det nok ikkje mange bibliotek som har. Kan hende det gjer sitt til at mange kom innom, bibliotekaren noterte 22 lånetakrar og 107 utlån den siste opningsdagen før sommarferien.

Kanskje regnværet og var litt "skuld i" det gode oppmøtet?
Bibliotekar Nina var nøgd med både frammøte og utlån den dagen.

Høyanger Sanitetsforeining vitja bygda

Kring 20 av medlemene var med på turen. Målet deira var å sjå på dei to kyrkjene me har, - og anna kultur.

Ortnevik Sanitetslag var vertskap. Kristi helsa velkomen og synte damene rundt bygda.

Nina og Wenche hadde kafé i Grendehuset, open både for tilreisande og bygdefolk.



Fotturen "langs veglause strender" er populær. Ein søndag no i juni gjekk over 90 personar frå Ortnevik mot Sylvarnes.

Nytt frå Grendelaget



Grendehuset har fått ny vaktmester, ho heiter Hannah Hewitt og bur på Brekke saman med Eldar.

Vi takkar Ingrid for god innsats i 3 år!

< Hannah vil ta seg av dei same oppgavene som Ingrid har hatt. Ho passar på huset innvendig og ute med vask og stell.

Når det gjeld lån og leige av huset er reglane som før. Lag og organisasjonar i Ortnevik og Strendene låner gratis. Andre må betale litt, og prisane er omtrent som før. Hannah har opplysningar om det.

Vi prøver å få til eit enklare system med utlån av nøklar, med eit kodeskap som heng ved Grendehuset. Når dette er oppe å går, får du ein kode av Hannah, og sler denne for å kome inn til nøkkelen.

Vi har telefonnummer til 3 stykker, som du brukar for å tinge plass i huset og låne nøkkel.

Hannah: mob. 95559181 mail: hannahhewitt@outlook.com Eldar: mob. 41464122 mail: eldar@brekke.net Kristi: 99318750

Hannah snakkar best engelsk endå, og om du snakkar berre norsk i telefonen kan du ringe Eldar eller Kristi.

Leiar Inge Brekke



Ny plante i bygda?

Ei ukjend plante for mange i bygda står i Vassdalsvegen, ikkje langt frå elva. Fleire eksemplar blomstra no i juni.

Amatørbotanikar Bjørn har kome til at dette truleg er **"Kvitsoleie"**.

Andre forslag?

God sommar vidare!